


† KYRKJEBLADET FOR VESTNES

NR. 1 – APRIL 2017

22. ÅRGANG



«Morgengry» av Solvor Fraßjord

God påske!

Jesus syner seg for Emmaus-vandrarane

(Lukasevangeliet kap. 24, 13-35)

Same dagen var to læresveinar på veg til ein landsby som heiter Emmaus, seksti stadiar frå Jerusalem, og dei snakka om alt det som hadde hendt. Medan dei no tala saman og drøfte dette med kvarandre, kom Jesus sjølv og gav seg i lag med dei. Men auga deira vart hindra i å sjå, så dei ikkje kjende han att. «Kva er det de går og talar med kvarandre om?» spurde han. Då stansa dei, fulle av sorg. Den eine, han som heitte Kleopas, svara: «Du må vera den einaste framande i Jerusalem som ikkje veit kva som har hendt der desse siste dagane.» «Kva er det?» spurde han. «Det med Jesus frå Nasaret», svara dei. «Han var ein profet, mektig i ord og gjerning for Gud og heile folket. Men overprestane og rådsherrane våre utleverte han, fekk dømt han til døden og krossfeste han. Og vi som hadde vona at han var den som skulle setja Israel fri! Men no er det alt tredje dagen sidan dette hende, og nokre kvinner blant oss har sett oss i uro og undring. I dag tidleg var dei ved grava og fann ikkje kroppen hans, men dei kom tilbake og fortalte at dei hadde sett eit syn av englar som sa at han lever. Nokre av våre folk gjekk då ut til grava, og dei fann det nett slik som kvinnene hadde sagt, men han sjølv såg dei ikkje.»

Då sa han til dei: «Kor lite de skjørnar, og kor seine de er til å tru alt det profetane har sagt! Måtte ikkje Messias lida dette og så gå inn til sin herlegdom?» Så tok han til å leggja ut for dei det som står om han i alle skriftene, heilt frå Moses og hos alle profetane.

Då dei kom bort imot den landsbyen dei skulle til, gjorde han som han ville gå vidare. Men dei bad han inntrengjande og sa: «Ver hos oss! Det kveldar, og dagen er på hell.» Då gjekk han inn og gav seg til hos dei. Og medan han sat til bords med dei, tok han brødet, bad takkebøna, braut det og gav dei. Då vart auga deira opna, og dei kjende han att. Men han vart usynleg for dei. Dei sa til kvarandre: «Brann ikkje hjartet i oss då han tala til oss på vegen og opna skriftene for oss?» Og dei tok ut med ein gong og gjekk tilbake til Jerusalem. Der fann dei alle elleve og venene deira samla, og desse sa: «Herren er sanneleg stått opp og har synt seg for Simon.» Då fortalte dei to om det som hadde hendt på vegen, og korleis dei hadde kjent han att då han braut brødet.

Morgengry

Denne gongen er det Solvor Frafjord frå Tomrefjord som har levert framsidebiletet. Solvor bur i Arendal. Ho er etter kvart ein etablert biletkunstnar og har fleire utstillingar bak seg, både separate og kollektive, og er mellom anna innkjøpt av Rikshospitalet. Forsamlingshuset i Tomrefjord er heldig å ha tre av hennar måleri i storsalen der.

Solvor har sjølv skrive litt om framsidebiletet og tankane sine rundt det.

Solvor Frafjord:

Maleriet heter Morgengry. Det er et lite maleri på 25x25 cm, malt med olje på lerret.

Jeg jobber med ulike tema før utstillingar. Dette maleriet tilhører en utstilling som jeg gav navnet Naturen.



NATUREN

Naturen ligger dypt i meg. Jeg er født på Vestlandet, og har trått mine barnesko i myr, lyng og fjell. Klatret til topps for å komme høyt, for å kunne se langt. Bærer mange minner av lukt, vann, regn, sol, vind, tåke, gråvær og gnistrende fjelltopper i sol.

Vestlandet har mye regn og gråvær. Gråvær kan være tungt, men også vakkert og mystisk. Det kan hjelpe oss til å lukke oss inne, synke ned i oss selv, til å søke etter svar. Lyset vil alltid, en eller annen gang, på et tidspunkt, bryte inn i det grå. Da blir formene tydeligere, landskapet trer frem, kraften i naturen kommer til syne.

Vi er av natur, vi lever i den, og av den, er bundet til den, og vi skal gi den videre. Naturen er truet, isbreene smelter, havet stiger, stormene herjer, fremtiden er bekymringsfull. Har vi evner og vilje til å handle? Hva kan vi håpe på?

Formene i landskapet hjelper blikket til å vandre mot noe vi ikke helt ser, til å håpe på nye veier bak det vi ennå ikke kan få øye på, til å bruke kreftene naturen har gitt, for å kjempe. Noen landskaper er harmoniske, noen har en åpen himmel og horisont som hjelper oss til å løfte blikket, til å glede og fryde oss over alt som lever, til å se langt og høyt og til å håpe på at Gud en gang vil gjøre alle ting nye.

Påskens mysteriene

Av sokneprest John Sylte

Her kommer noen ord fra den nye soknepresten i Vestnes og Fiksdal. Jeg trives allerede godt i stab og jobb, og ser frem til å bli kjent med folk og menigheter her. Nå nærmer vi oss påsken med stormskritt, etter en heller skuffende vinter, sånn snømessig. (Jeg har 3 barn som gjerne vil ut med akebrett og ski.)

For meg er påsken en tid hvor mysteriene blir levende. Uten påskeunderet hadde det ikke vært noen kristendom. Alt står og faller på Jesu oppstandelse. Det er en tid hvor troen blir litt utfordret, rett og slett. En mann som sa han var Guds sønn, måtte ta farvel med sine kjære, og døde en forbryters død på et kors. Men mysteriet starter tre dager etterpå. Jesus sa til sine nærmeste at han skulle dø, slik at mange skulle få leve. Han sa også at han skulle stå opp igjen fra de døde tre dager etter korsfestelsen. Jeg grunner ofte over spørsmålet; tenk om det virkelig er sant, at han sto opp igjen fra de døde. At han banet vei for oss, slik at vi kan gjøre det samme en dag. Jeg tror det, men av og til virker det som en fjern tanke. Når tvilen kommer, for det gjør den nok hos de fleste til tider, tenker jeg på det som skjedde i etterkant av oppstandelsen; disipler og etterfølgere som plutselig fikk et enormt pågangsmot, og som begynte å snakke høyt og tydelig om den oppstandne Jesus – Guds sønn, til tross for at de risikerte fengsel, tortur og død ved å forfekte dette budskapet. På denne tiden ble kristne jaget og forfulgt av en brutal overmakt. Så tenker jeg: hadde de gjort dette om de visste at det hele bare var null? Hadde de gått smilende inn i den verste død om de i sitt indre visste at Jesus ikke sto opp igjen? For meg virker det usannsynlig. Peter fornekket Jesus mens han levde. Tre ganger. Men under keiser Nero led han martyrdøden i år 64. Peter skal etter eget ønske ha blitt korsfestet med hodet ned, for på den måten å vise respekt for Jesus. Et omvendt kors brukes av satanister som en avvisning av kristendommen, men det er samtidig også et Peterskors, som er et kristent symbol. Etter oppstandelsen ble Peter stødig som fjell i troen. Hadde han bedt om å bli korsfestet opp-ned om han visste at Jesus løg? Om han visste det, hadde han jo ingenting å tape på å fornekte ham en siste gang – og kanskje slippe unna grusomhetene. Peter var en av Jesu aller nærmeste, han var der da det skjedde – et førstehåndsvitne. Med disse tankene begynner mysteriet å blåse liv i troen igjen. Jeg tror ikke på fantasifigurer, jeg må ha en rasjonell grunn. Peter er en av dem som gir meg det.

Oppstandelsen er påskens budskap, og det er spennende. I Torino i Italia mener de å besitte Jesu likklede – det såkalte Likkledet i Torino. Det er et 4,10 ganger 1,40 meter stort klede med et negativt avtrykk av en mannskropp, med merker etter piskeslag og tornekrone – og naglesår på hender og føtter. Kle-

det har gjennom århundrer blitt betraktet av kristne som kleddet som ble brukt til å svøpe Jesu legeme etter korsfestelsen. Det som er spennende, er at man har åpnet kledet for vitenskapelig forskning. I 2012 kunne man lese i Aftenposten at forskere fra Det nasjonale byrået for ny teknologi og energi, etter fem år med avanserte laserundersøkelser, fremholder at avtrykket ikke kan gjenskapes ved hjelp av moderne vitenskap, og at det ikke er en forfalskning fra middelalderen. De italienske forskerne hevder at avtrykket er skapt av «en eller annen form for elektromagnetisk energi, et lysglimt med kort bølgelengde». Nå snakker vi! Artikkelen kan leses på nett for dem som vil det. Forskerne selv vil ikke trekke noen bastante konklusjoner, men Vatikanets avis mener at forskerne implisitt sier at avtrykket av en korsfestet mann ble skapt ved et mirakel, og at det skjedde ved Jesu oppstandelse. Det har vært gjort omfattende forskning på likkledet gjennom mange år, som blant annet har avslørt pollenrester fra planter i Midtøsten (noen finnes kun i Jerusalem) og avtrykk av romerske mynter.

Nå er ikke likkledets autentisitet avgjørende for min tro. Men tenk om det er kledet Jesus lå svøpt i da Gud vekte ham opp fra de døde! Tenk om det er slik at Gud reiste ham opp med en energignist, som gav et avtrykk på kleddet hvor selv pupillene under øyelokket kan skimtes! Tenk om oppstandelsen faktisk er vitenskapelig bevist! Vi kan jo ikke vite for sikkert, men mysteriet kan vi ta med oss inn i påsketiden. En ting er sikkert – det skjedde underlige ting i Israel for 2000 år siden!

Jeg ønsker dere alle en god og velsignet påske!



Innsetting av John Sylte som sokneprest i Vestnes og Fiksdal

Av Olav Egil Tomren

John Sylte blei innsett som sokneprest i Vestnes og Fiksdal under gudstenestene 15. januar i dei to kyrkjene: kl. 11.00 i Fiksdal kyrkje og kl. 18.00 i Vestnes kyrkje. Prosten i Indre Romsdal prosti, Erling Nevland, deltok på begge gudstenestene, og han las opp kallsbrev/tenestebrev frå biskopen i Møre. Under kyrkjekaffien etter gudstenestene kom det helsingar frå dei respektive sokneråda, fellesrådet, prost, kyrkjeverje og avtroppende sokneprest i Vestnes og Fiksdal. Til slutt blei medarbeidarar i stab og sokneråd presenterte for kyrkje-lyden. Alt dette sette ei fin ramme rundt innsettinga.



Prost Erling Nevland, fellesrådsleiar Thor Ringsby, sokneprest John Sylte og klokkar Kari Nakken. Foto: Ivar Magne Bergheim.



Sokneprest John Sylte og prost Erling Nevland. Foto: Ellen Marit Dimmen Vik.

Ettermiddagskafé på Kyrkjestova i Tresfjord

Tirsdag 4.april kl.16.00 – 18.00

Tirsdag 2.mai kl.16.00 – 18.00

Tirsdag 6.juni kl.16.00 – 18.00



Inga påmelding, her er det berre å møte opp! Treng du skyss til ettermiddagskafé? Ring då til Silje Sylte på telefonnr.: 950 93 306. Ta kontakt i god tid så det kan samkjørast på best muleg måte.

Omsorgstilbodet er eit samarbeid mellom Tresfjord Røde Kors og Tresfjord sokneråd.

Måltidet

Av André Bjerke

Og han bød oss annamme
påskelammet.

Mens hans hender signet bordet,
sa han Ordet.


Men de signet mer enn venner
disse hender.

Det var fler enn oss han gavnet,
for han favnet

med den elskende geberden
hele verden.

For vår glede som for pinen
drakk han vinen.

Og for greker som for jøde
brøt han brødet.



Kyrkjeåret og liturgiske fargar

Av Audbjørg Gjerde Lippert

Alle har vel lagt merke til at gjennom kyrkjeåret blir det brukt ulike fargar på stolaen til presten og messehakelen. Det same gjeld fargen på prekestol og alter. Det skiftar mellom fargane fiolett, kvit, raud og grøn, altså fire ulike fargar. Frå dei eldste tider og fram til middelalderen var kvitt brukt på prestedrakta under gudstenestene. Det var fest- og gledefargen. Men etter at silken kom til Europa frå Det fjerne Østen på 1100-talet, blei nye forskrifter om liturgiske fargar tekne i bruk, og fargane kom til å veksle med kyrkjeårstidene. Frå ca. 1200 har vi fått dei fire fargane som er nemnde ovenfor. Dei vert kalla kyrkjeårsfargane. Denne vekslinga kan vere med på å bevisstgjøre kyrkjelyden for mangfaldet i den kristne læra. Kalenderen er strukturert rundt Jesu liv og gjerning og blir levd oppatt kvart år. Bibelske tekstar er valde ut med tanke på denne strukturen, og dei ulike tidene har ein liturgisk farge som skal spegle den spesielle karakteren i kyrkjeårstida.

Fiolett – symboliserer førebuing, oppgier og sorg. (advent, fastetida).

Kvit – symboliserer glede, fest og reinleik. (jul, påske).

Raud – symboliserer Ånda (eld) og offer (blod). (pinse og martyrdagane).

Grøn – symboliserer vekst og liv. (Det alminnelege kyrkjeåret.)

Hovudperiodar i kyrkjeåret:

Adventstida - fiolett

Juletida (Julaftan - nyttårsdag/Jesu namnedag) - kvitt

Kristi openberringsdag - kvitt

Openberringstida (Søndag før faste/Fastelavnssøndag) - grønt


Fastetida (Askeonsdag - Påskeaftan) - fiolett

Påsketida (Påskennatt - Søndag før pinse) - kvitt

Pinse (Pinsedag - Andre pinsedag) - raudt

Treeiningssøndag - kvitt

Treeiningstida - grønt



Fargar på spesielle dagar

Kvitt:

Maria bodskapsdag

Sankthans (Jonsok)

Mikkelsmess

Allehelgensdag

Andre helgendar

Raudt:

Stefanusdagen (Andre juledag)

Aposteldagen (6. søndag i treeinigstida)

Olavsdagen (Olsok)

Andre martyrdagar

Fiolett:

Bots- og bønedag

Grønt:

Hausttakkefest

Skaparverkets dag


Kvinnenes internasjonale bønnedag

- Samling i Vestnes kyrkje 3. mars 2017

Tekst og foto: Audbjørg Gjerde Lippert

Plakaten for Bønnedagen 2017 er laga av bønnedagskomiteen på Filippinene. Tema for året er "Gjør jeg deg urett?".

I ei årrekke har kvinner i Vestnes sluttat opp om bønnedagen første fredag i mars. Denne har komitear i meir enn 170 land og regionar. Det begynte i USA i 1887, og Norge har vore med sidan slutten av 1920-åra. I år var fokus sett på Filippinene og dei vanskelege kåra mange kvinner lever under der. Det var derfor svært kjekt at filippinske kvinner i Vestnes var aktivt med i markeringa gjennom opplesing og dans. Sokneprest Inger Marie Lillevik heldt andakt. Det ser ut til at mange synest det er fint å vere med på desse årlege markeringane, og nærmare femti personar hadde møtt fram. Kvelden blei avslutta med at vi delte eit måltid med innslag av både filippinsk og norsk mat.



Spanske påskeprosesjonar

Av Audbjørg Gjerde Lippert

Mange har etter kvart eit nært forhold til Spania, enten fordi dei har hus eller leilegheit der, eller fordi dei liker å reise rundt i dette landet som er så rikt på kultur og historie. Mange har nok derfor opplevd feiringa av påskehøgtida frå palmesøndag til første påskedag – La Semana Santa (Den heilage veka).



Særleg i sør, i Andalucia, men også i landet elles, har vi dei spesielle påskeprosesjonane som fyller gatene. Eigentleg er det botsprosesjonar der deltakarane vil gjere opp for syndene sine året før. Store trefigurar og tablå som symboliserer dei ulike dagane i den heilage veka, blir ført på store «plattformer» (pasos) gjennom gatene ut frå brorskapet si soknekyrkje inn mot katedralen og tilbake. Eg er blitt fortald at idrettslag og andre organisasjoner (brorskap) står i kø for å få vere med på å bere desse plattformene gjennom byen. Dei har visstnok ei vekt på opp mot 2 000 kilo, og 30-50 personar går med krumma rygg under for å føre dei gjennom byen. Det blir ein del kvilepausar, og er ruta svært lang, hender det at nye berrarar kjem til undervegs. Til desse tablåa hører korps med innslag av tunge trommeslag og hornmusikk med ei blanding av klage- og sigerstonar. Mange brorskap (fraternidades) deltek, og det er ulik farge på dei spisse hettene dei har på seg. Desse dekkjer hovud og ansikt (nesten som hos Ku Klux Klan). Eit vell av stearinlys saman med røykjelse gir frå seg sterkt duft idet prosesjonen passerer. Særleg mange lys har jomfru Marias «paso» som kjem litt bak tablået framføre. Ho er vakkert pynta og er kledd i fløyelskappe med gullbroderi og perler. Ofte kan ein sjå tårar som renn nedover kinna hen-



nar. Ho sørger over sonen sin som blir plaga og korsfesta. Ho har gjerne namnet La Virgen (jomfrua). Alle figurane er forresten unike og blir sett på som store kunstverk.

Sjølv om prosesjonane har preg av alvor og smerte, er påska samtidig ein heidundrande folkefest med fråsing i det meste. Eit spansk ordspråk seier at den som ikkje tar seg råd til å dele ut søtsaker i påskeveka, neppe kan rekne med å sleppe gjennom Perleporten og inn til St. Peter. Derfor tilbyr ein kaker, slikkeri og andre godsaker til alle under den spanske påskefeiringa. Etter påskeprosesjonane er det tradisjon å ha eit festmåtid saman med familie og venner på kveldstid, noko som gjerne varer til langt ut i dei små timer. Så er det ny botsgang i morgontimane. Det seier seg sjølv at det då blir så som så med nattesøvnen under påskefeiringa. Det religiøse og verdslege går så å seie hand i hand.

Det viser seg vel at mellom dei yngre er det òg andre ting som etter kvart trekkjer i påska. Som her i landet er det gjerne skiferie med appelsin, marsipan og sjokolade. Dei vil nytte den siste snøen for å ta turar i Guds frie natur, enten det er i Pyreneane, Sierra Nevada eller andre høgdedrag der snøen enno ligg. Det kan vel derfor vere eit spørsmål om kor lenge dei sterkt religiøse tablåa om Jesu liding, død og oppstode blir ført gjennom gatene. Spanske TV-kanalar følger prosesjonane frå by til by, og enn så lenge kjem folk frå mange kantar av verda for å oppleve påskeprosesjonane som verkar inn på så mange av sansane våre: syn, lukt og høyrsel, og som gjer at dei sitt i kroppen for alltid når ein først har opplevd dei.

Sjølv har eg vore heldig og fått følgje prosesjonane i Sevilla, Granada og Córdoba i tillegg til i Puerto de la Cruz på Tenerife, opplevelingar eg ikkje ville ha vore forutan.



I et skur ved Betlehem

Av John Bell, Graham Maule 1987

*I et skur ved Betlehem,
gjemt i Josefs store trøye,
Lå Guds dyrebare Ord
som et nyfødt barn i høyet.
Og vi ser: Gud er god*

*Ref: Han er her når vi synger,
han gir liv, lek og latter,
Himmelrikets skjulte skatter.
Og vi ser: Gud er god*

*Han fikk se et folkehav,
uten håp og uten føde,
Og Guds dyrebare Ord
mettet alle i det øde.
Og vi ser: Gud er god.*

*Skjult av hagens mørke trær,
sto soldater for å ta ham,
Og Guds dyrebare Ord,
bar det korset verden ga ham.
Og vi ser: Gud er god.*

*Naglet fast til dødens tre,
under himmelhvelvets torden
Ba Guds dyrebare Ord,
for en bøddel og en morder.
Og vi ser: Gud er god*

*Gjennom hagens klare dugg,
som i jordens første morgen,
Brøt Guds dyrebare Ord
ut av tomheten og sorgen.
Og vi ser: Gud er god.*

Vikarpresten vår: Inger Marie Lillevik

Av Kari Moe Elgsaas



Mange av oss har lært å kjenne og blitt glade i Inger Marie som har vore vikarprest hos oss sidan i oktober. Ho bur med mann og tre barn på Bolsøya der ho har vore kateket i 14 år. Men no har ho altså valt å bli pendlar for å vere prest for oss.

Om sin eigen barndom fortel ho dette:

Eg er fødd og oppvachsen på Smøla i ei svært aktiv kyrkjefamilie, i tillegg til at foreldra mine også var aktive i diverse organisasjoner. Vi barna blei tidleg tekne med til gudsteneste og til ulike barneforeiningar. Eg har slik sett sete stille over gjennomsnittet i min barndom og telt både takbjelkar, vindusruter og stearinlys mm for å få tida til å gå. Vi blei tekne med både med og mot eigen vilje, likevel har eg flest gode minne frå gudstenestene i barneåra.

Kva har denne erfaringa gjort med ditt forhold til kyrkja?
Ho har i alle fall ført til at eg har blitt svært oppteken av sjølve gudstenesta. Den er kjernekjelde i prestetenesta, og ho må også vere for barn. Dette er eigentleg ein kjephest for meg og ei stor utfordring. Korleis skal vi få alle til å trivast, både liten og stor, både faste kyrkjegjengrar og sjeldne kyrkjegjengrar? Kva miljø bør vi skape i kyrkja generelt og i gudstenesta spesielt? Kvifor kjem folk, og kvifor kjem dei ikkje? Kva skal til for at folk kjem oftare enn på julekvelden? Korleis skal folk ha eller få eigarskap til kyrkja? Denne utfordrande kva-, korleis- kvifor-problematikken er eg oppteken av, og eg opplever det spennande å kome i dialog med folk om dette.

Opplever du stor forskjell på å vere prest og å vere kateket?
Ein har eit anna blikk som prest enn som kateket. Eg blir utfordra på andre område og må bruke andre sider ved meg sjølv. Dette opplever eg motiverande. Det nye for meg er gravferder, ei oppgåve eg opplever overraskande meiningsfylt og givande. Her er det snakk om ekte møte med menneske i sorg. Vi er heilt inne på beinet, her er det ikkje snakk om vind og vær.

Dessutan, når ein går i same stilling år etter år, er det

lett å gå i gamle spor, og ein blir tappa for krefter. Då treng ein påfyll. Dette året er for meg eit påfyllsår. Difor trivst eg godt her på Vestnes. Eg opplever gode møte med sokneråda og folk rundt omkring. Folk viser meg tillit og er positive. Eg blir teken på alvor, eg blir ikkje sett på som ei midlertidig løysing, heldigvis.

Å vere prest er i det heile både meiningsfullt og givande. Ein møter menneske i alle aldrar, i alle livsfasar og i alle livssituasjonar. Kort sagt: å vere prest er ein viktig jobb som eg trivst i.

Med helgearbeid, lange kveldar, ferje og pendling, blir det tid til anna enn å vere prest?

Ja, eg driv eit barnegospelkor heime på Bolsøya, og eg har stor glede av å spele piano til både nytte og hygge. Musikk er eigentleg ein ventil for meg. Dessutan følger eg barna mine opp i ulike aktivitetar. At eg har fleksibel arbeidstid, gjer at eg har kunna stille opp til andre tider enn foreldre flest.

Men eg må innrømme at eg er glad i verandaen min, kaffikoppen min, avisar mi og utsikta til Vestnesfjella og Tresfjordbrua. Brua lyser opp om kvelden heilt ut til oss på Bolsøya og er god å feste blikket på.

Grøn kyrkjelyd

Vestnes sokneråd saman med stab har bestemt seg for å vere grøn kyrkjelyd.

Å vere grøn kyrkjelyd er ein konkret måte å ta Guds kall om ansvar for skaparverket og vår neste på alvor.
Meir om dette i neste nummer.

Vestnes sokneråd E-post:
vestnes.sokneraad@gmail.com

Vestnes sokneråd er òg på Facebook.

John prest

Tekst og foto ved Asbjørn Gisnås

Fra 1. januar 2017 er John Sylte fast tilsett som sokneprest i Vestnes og Fiksdal. Han har tatt over etter Signe Hellevik, som no arbeider ved biskopens kontor i Molde. John vokste opp på Vikebukt, er 38 år, busett i Tresfjord og gift med Inger Marie. Han har vore prest i Vestnes i mange år, først som trusopplærar og sidan som sokneprest i Tresfjord og Vike. No fungerer han som prostiprest i Indre Romsdal. Dei har tre barn: Odin Johan, Aldine og Alma Kristine. Eg møter John på kontoret hans ein måndags morgen. Folkeleg antrekk med ruta skjorte, dongeribukse, - ingen prestesnipp. Han byr på nytrakta kaffi og seg sjølv, - det er jo han vi skal snakke om. Og det er lett å snakke med John, - ope, enkelt og greit.

- *Korleis kom du på at du skulle studere teologi og bli prest?*

Eg skulle bli politi. Tenkte lite på Gud før eg var 18 år. Då fekk eg ei oppleving som fekk meg til å ane at det må finnast noko meir, noko større enn oss. Eg vart nysgjerrig og interessert i å finne ut meir om Gud og kristendom. I siste liten, lenge etter søknadsfristen, fekk eg plass på ein kristen folkehøgskule. Der vart interessa for å lære meir om tru og kristendom styrka, så det bar vidare til Trondheim for å studere ved NTNU. Først litt psykologi og religionshistorie, og vidare kristendom grunnfag og mellomfag. I Trondheim møtte eg Inger Marie, og vi gifta oss. Kristendom grunnfag og mellomfag utgjør første delen av theologistudiet, så vi reiste til Oslo og fullførte presteutdanning begge to.

- *Og så bar det rett ut i presteteneste?*

Nei, ikkje med ein gong for meg. Under studietida i Oslo hadde eg deltidsarbeid innan sikkerhets-psykiatri ved Dikemark sjukehus. Der arbeidde eg også eit år etterpå. Inger Marie fekk arbeid i Vestnes, og vi flytta heim til Vikebukt. Eg fekk eit árvikariat som prest i Sula, og deretter stilling i Rauma. Først hadde eg der eit vikariat på nordsida, og fra 2009 fast stilling som sokneprest på sørssida: Vågstranda, Måndalen og Innfjorden.

- *Kvifor søkte du deg til Vestnes?*

Det var eit vanskeleg val å søkje hit. Eg har trivdest veldig godt i jobben i Rauma, hadde mange flinke folk å samarbeide med. Men eg trur det blir like fint å arbeide i Vestnes. Her kan eg stort sett konsentrere meg om to kyrkjelydar og bli godt kjent med dei. Rauma er det fleire kyrkjer og kyrkjelydar å ta seg av. Og så er det nokre praktiske fordelar for meg ved å ha arbeid her: Kortare veg til kontoret, slik at det er lettare å ta ein ekstra tur innom når det trengst. Barna går på skule her, - greitt å vere nærmare når noko står på. Og eg har ein funksjonshemma bror som bur nær kyrkjekontoret. Det er fint å kunne treffe han oftare.

- *Eg skjønar at du først og fremst skal vere prest for Vestnes og Fiksdal. Men vi håper å få sjå deg litt i Tresfjord og Vike også, trass i dette med profet i eige land*?

Jau då, ei og anna gudsteneste og gravferd vil det bli. Sokneprestane avløyser kvarandre ein del.

- *Du har vel eit rykte som ein utradisjonell prest: Har ræppa*

i gudstenesta, harhatt ei sentral rolle i ein heil serie Johnny Cash-konsertar, driv med kampsport.. Liker du å sjokkere og provosere med slike «stønt»?

Nei, eg driv ikkje med «stønt», eg er berre meg. Eg prøver å vere meg sjølv, å gjøre ting som er naturleg for meg. Eg liker betre å bli kalla John enn Presten. Ja, eg

har ræppa i gudstenester i Rauma. Eg øvde først på ein ræp for å gje konfirmantane ei positiv overrasking. Men så fekk eg med eit band av tidlegare konfirmantar, Churchrats, gode musikarar, - og organist Paul Magne Venås, som taklar alle sjangrar! Så då vart det skikkeleg artig! Og ja, eg har hatt guds-teneste-konsert i over 30 kyrkjer der eg har fortalt om livet og trua til Johnny Cash, og Frode Bredeli Aarsbog har spela og sunge songane hans. Jau da, eg liker kampsport. Frå 14-årsalderen dreiv eg med boksing. I Trondheim kom eg borti Krav Maga, som er ein kampsport med sjølvforsvar. Sidan har det vore mi greie. Eg starta Krav Maga-klubb, først på Vikebukt og så på Vestnes, og har vore instruktør der sidan 2007.

- *Synest du desse aktivitetane har vore til nytte for deg som prest?*

Ja, absolutt. Når eg viser fram ulike og kanskje uventa sider av meg sjølv, kjem eg gjerne tettare inn på mange. Folk synest det blir litt høgare under taket.

- *Kva likar du best ved jobben din?*


Eg liker at arbeidet er så variert og allsidig, og at ein kan gjøre så mykje ut av det. Eg kan ta med meg sjølv og bruke det i prestegjerninga. Og det er stadig nye utfordringar, ein blir aldri utlært. Elles synest eg forsvar av trua og forholdet mellom tru og vitskap er veldig interessant. Noko av det største ved min jobb er at eg får følgje folk i alle livssituasjonar, det er både gjevande og krevjande. Eg har forresten nyleg skrive bok om sorgprosessen. Manus er klart, så ho blir snart gitt ut. Det er ei forteljing om ein ung gut som opplever sorg. Historia har eg dikta, men det er basert på eigne erfaringar frå arbeidet som prest.

- *Ser du på «Presten», humorserien på NRK?*

Hehe, ja, eg har sett på Bjarte som prøvar seg som prest. Det er artig, men eg synest ikkje det treffer heilt. Det er som ein parodi på ei myte om korleis det er i kyrkja. Eg synest nok at den britiske serien Soknepresten var betre.

- *Korleis har du blitt tatt i mot i Vestnes?*

Eg føler at eg blir tatt veldig godt i mot både av kyrkjelydane, sokneråda og på kyrkjekontoret. Vi har ein stab som det er lett å gli inn i. Så dette ser lovande ut!



Fiksdal kyrkje 150 år

Glimt frå storfelt feiring 20.-27. november 2016

Av Kari Nakken. Foto: Edmund Melkild

Feiringa byrja med jubileumskonsert søndag 20. november. Denne vart ei stor oppleving! Spesielt var det å høre barnekoret frå 1980-talet, med same dirigent og same repertoar! Songane sat godt frå barndommen, så det var berre å «skru på knappen» for dei no vaksne songarane. Kyrkjekoret, prosjektkor for jubileet, song med Richard Powell som dirigent «Ave Crux» av Finn Arne Roaldsen/Robert Coates og salme 23. Hayden Powell Trio deltok saman med Anbjørg Bergheim. Hayden budde nokre år av barndommen i Fiksdal, i dag kjent musikar i inn- og utland. Sven Bernt Ellingsæter og Kjell Magne Nakken framførte «Jeg råde vil alle» på sax og tromme. Elles deltok Fiksdal/Rekdal Janitsjar, Laurdagsklubben, Sissel Schiøtt, Britt Elise Skram og Kjersti Bergheim.

Torsdag 24. november var det duka for kultukveld på Bygdaheim. Soknerådet laga til utstilling av gamle bilde, bøker og andre gamle ting. Der var også første teikningane og første nøkkelen til kyrkja. Det gamle salmodikonet som hadde tilhørt den første klokkaren i Fiksdal, Ole Larsen Eidhammer, 1835-1918, kunne studerast. Richard Powell opna med kyrkjemusikk av Arne Eidhammer, Dám og Drag gledde oss med musikk, og kyrkjekoret med fin song. Petter Inge Bergheim ga nokre glimt frå 150 års kyrkjehistorie, og Ivar Magne Bergheim viste lysbilde frå kyrkja vår gjennom tidene. Per Bjørn Ellingseter fortalte om Jakob Sletten som var sokneprest i Vestnes 1909-1913. Vi fekk høre om «Nakkesølvet» fortalt av Knut Arne Gjelsten, og Audbjørg Gjerde Lippert viste fram og fortalte om «Pegards-sølvet».



«Barnekoret» frå 1980-talet



Anbjørg og Kjersti Bergheim



Hayden Powell Trio i aksjon



Dám og Drag deltok på kultukvelden



Kyrjekoret



Sissel Schiøtt på piano, Anna Ostachowska på bratsj, Elisabeth Anundsen med solo-song og biskop Ingeborg Midttømme



Festleiar Thor Ringsby, prost Erling Nevland, biskop Ingeborg Midttømme, sokneprest Inger Marie Lillevik, kantorane Sissel Schiøtt, Robert Coates og Richard Powell



Utan mat og drikke...Inger Svanhild Ringsby og Haldor Dahle auser opp

Styret for Kyrkjelydshuset sørga for god mat, og praten gjekk lett rundt borda.

Jubileumsgudstenesta var søndag 27. november, nøyaktig 150 år etter at kyrkja var teken i bruk. Dagens kantor, Robert Coates, hadde komponert både pre- og postludium som ei helsing til kyrkja sin 150-årsdag. Musikken er bygd over melodiar som barnekoret song i 1981. Etter prosesjon til orgel og salmodikon las klokkar Kari Nakken sjølvlagda prolog om Fiksdals-kyrkja, der kyrkjelyden kunne sjá symbola det vart lese om. Biskop Ingeborg heldt preike over Matt. 21,1-11, då Jesus reid inn i Jerusalem på eselet. Prost Erling Nevland og fungerande sokneprest Inger Marie Lillevik forretta. Kyrkjekoret song «Ave Crux» av Finn Arne Roaldsnes. Songen var inspirert av korset på veggen ved prekestolen, melodi av Robert Coates. Dei som elles deltok på gudstenesta, var: Ordførar Geir Inge Lien, Anna Ostachowska på salmodikon, kantorane Sissel Schiøtt og Richard Powell, og Kristian Bergheim på kornett.

Etter gudstenesta var det middag med festsamvær på Bygdaheim. Etter god mat var det helsingar, historikk og song av kyrkjekoret. Sven Bernt Ellingsæter og Kjell Magne Nakken trakterte saksofon og trommer.

Ei fin og inspirerande jubileumsveke!



Min påskesalme

Vi har spurt Kirsti Hegvik, Tresfjord, og Jorunn Brekke Fjeldheim, Vestnes, om dei har ein påskesalme som dei liker ekstra godt.

Kirsti Hegvik:

No livnar det i lundar er ein song eg liker godt. "Den heile skapning stundar" synest eg fortel mykje om forventning og glede.

No livnar det i lundar

Av Elias Blix

No livnar det i lundar, no lauvast det i lid,
den heile skapning stundar no fram til sumars tid.

Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord,
og etter som eit under nytt liv av daude gror.

Guds kyrkja lysa skulde som høgt på berg ein stad,
med sumar utan kulde og utan solarglad.

Guds ord vel alltid lyser, den sol gjeng aldri ned:
det hus som Anden hyser, ligg støtt i ljós og fred.

Men stundom kom då kulde på Herrens kyrkjemark:
det var som Gud seg dulde, og borte var Guds ark.

Det var dei myrke dagar, Guds ord var fähoyrd segn;
og hjarta frys og klagar, det saknar sol og regn.

So sende Gud sin Ande som dogg på turre jord;
då vakna liv i lande, då grødest vent Guds ord.

Då er det sære tider for Kristi kyrkjegrunn;
då lauvast det i lier, då livnar det i lund.

Då ljósar det i landet frå fjell og ned til fjord;
då losnar tungebandet, då kved Guds folk i kor.

Då skin det yver strender som sol ein sumarkveld:
då gløder kring i grender ein heilag altareld.

Du vår med ljose dagar, med lengting, liv og song!
Du spår at Gud oss lagar ein betre vår ein gong,

då me med vigsla tunga, med kjærleik heil og klår,
alt utan brest og sprunga skal lova Herren vår.



Audbjørg Gjerde Lippert

Min påskesalme

Av Jorunn Brekke Fjeldheim

Eg synest vi har mange fine påskesalmar, og det er godt å kunne synge desse i påska. Etter mi meining kunne vi godt synge mange av dei oftare elles i året òg. Vi har som tradisjon i familién at i påska syng vi påskesalmar i staden for bordvers, noko som gjer at vi får øvd oss på fleire av dei gjennom påskeveka.

Den mektigaste og største av alle påskesalmane for meg er «Deg vere ære, Herre over dødens makt». Å kunne juble denne ut 1. påskedag er ei verdig lovprising av Jesu soningsoffer og oppstodeunderet. Salmen stråler ut lys, glede, jubel og håp. Det er som du får ein liten smak av det store som skjedde, - kjenner litt av bruset frå det høge. Han uttrykker gleda over sigeren over dødsmaktene, og han viser grunnlaget for det håpet som mi tru på Kristus er grunna på.

I strofa « Frykt ikke mere, evig er han med» stadfestar forfattaren vissa om at dette held både for liv og død.

Salmen er skriven av ein sveitsisk prest og omsett til norsk av Arne Fjelberg. Sigersjubelen i salmen vert sterkt understreka av den mektige melodien, henta frå eitt av Händels oratorium.

Eg har hatt mange gode opplevelingar ved å høre denne salmen framført av ulike kor – og ved sjølv å få vere med og synge han i ulike samanhengar, ikkje minst i påska.



Deg være ære

1: Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.
Lyset fyller haven,
se, en engel kom,
åpnet den stengte graven,
Jesu grav er tom!

2: Se, Herren lever!
Salig morgenstund!
Mørkets makter bever.
Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger:
Frelseren er her!
Pris ham, alle tunger,
Kristus Herre er!

3: Frykt ikke mere!
Evig er han med.
Troens øye ser det:
Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære,
seier er hans vei,
evig skal han regjere,
aldri frykter jeg.

Refr.:

Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.



Kyrkjeverja sitt hjørne

Fiksdal kyrkje stod ferdig restaurert etter brannen til 150-årsjubileet. I tillegg til at brannskadane blei reparerte, fekk vi også måla dei andre utvendige veggene og skifta nokre takrenner/nedløp. Innvendig blei koret måla, golvet i kyrkjerommet blei lakka opp igjen, og det blei lagt ny løpar frå inngangsdøra og fram til altarringen. Det blei også lagt vindsperrereduk under isolasjonen under koret og skifta ut noko av bordkledninga på nordveggen som det hadde kome røte i. Kyrkja står no fram vakrare enn på lenge.

HC-toalettet i *Vike kyrkje* stod ferdig til jul. Det var ei flott julegåve å få for bygdefolket. Gjerdet på sørvestsida og delvis på nordvestsida er sett i stand, fordi det var kome noko røteskade i det.

Ved *Tresfjord kyrkje* vart det lagt asfalt på grusvegane før jul, så no blir det reinslegare å gå over kyrkjegarden og, ikkje minst, lettare for dei som skal stå for snøbrøytinga. Ein orgelbyggjar/renovatør har vore og sett på tilstanden til orgelet i kyrkja. Vi ventar spent på rapporten frå han. Den vil vise kva som må gjerast med orgelet. Han såg det som sannsynleg at renoveringsarbeidet kunne settast i gang til hausten/vinteren.

Vestnes kyrkje har fått nytta, automatisk ringeanlegg med fjernkontroll. Det lettar arbeidet for kyrkjetenar. Anlegget inkluderer samtidig automatisk opning av lukene i kyrketårnet. Prosjekteringen for utviding av *Vestnes kyrkjegard* går for fullt, og anbodsdokumenta vil forhåpentlegvis vere klare for utsending i løpet av sommaren.

John Sylte tiltredde stillinga som sokneprest i *Vestnes* og *Fiksdal* ved nyttår, og Inger Marie Lillevik vikarierer som sokneprest for *Tresfjord* og *Vike* dette halvåret. Liv Turid Kristiseter

avsluttar sitt vikariat som diakonarbeidar i byrjinga av mars når Ellen Edvardsen kjem tilbake i stillinga etter enda permisjon og vikar for trusopplærar. Ingvild Venås Sanchez kjem samtidig tilbake i stillinga som trusopplærar etter enda permisjon. Håvard Skrede har vikariert som kyrkjetenar i *Vestnes kyrkje* denne hausten/vinteren. Vikarane har gjort ein framifrå jobb, og eg vil rette ein stor takk til dei for innsatsen!

Eg vil ønske alle ei riktig god påske, og lat oss ikkje gløyme midt i den hektiske kvardagen vår, kvifor vi feirar den kristne påska, med Jesus i sentrum!

Olav Egil Tomren

Handikap-toalett i *Vike kyrkje*

Av soknerådsleiar *Liv Randi Balstad*

Vike kyrkje har no fått HC-toalett. Det som i utgangspunktet var eit bärerom, er bygd om og rommar no eit romsleg HC-toalett og eit mindre lagerrom. Vi har lenge sett behovet for eit HC-toalett i hovudetasjen, og er glade for at dette no er på plass.

Kyrkjebladet sin økonomi

Av *Olav Egil Tomren*

Kyrkjebladet har kome ut i over 20 år med tre nummer årleg. Det blir distribuert til alle husstandar i *Vestnes* kommune samt til nokre personar som har flytta frå kommunen, men som har bede om å få tilsendt bladet. Dei tilbakemeldingane vi får på bladet, er unisont positive. Derfor håper vi at vi skal kunne gje ut bladet også i framtida.

Det er sjølv sagt ikkje gratis å gje ut eit slikt blad. Sjølv om alt arbeid med å skrive artiklar etc. blir gjort på ulønt basis, kostar det å trykke og sende ut bladet. Vi er avhengige av frivillige gäver frå dykk for å dekke desse utgiftene. Gåveinntektene har falle litt den siste tida, så vi slit med å få inn nok til å dekke utgiftene. Vi vil derfor vere svært takksame om de bruker giroen i bladet til å hjelpe oss med det økonomiske, og håper at også dette bladet vil falle i smak.

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kari Moe Elgsaas, Asbjørn Gisnås, Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, Myra 3, 6390 Vestnes

*

Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen.

Gåver til drift og distribusjon av Kyrkjebladet er kjærkomne.

Kontonummer 4056.20.62124

Det er muleg å bestille bladet for dei som bur utanfor kommunen.



Sitteddans

Av Liv Turid Kristiseter, diakoniarbeidar

I kyrkja har vi ei gruppe som kallar seg «Sitteddans». Dette er eit tilbod til menneske med ei annleis funksjonsevne, leda av diakonen og frivillige medarbeidrarar. Ein torsdag i månaden kjem vi saman i kyrkjekontorkjellaren, for å danse, høre ei bibelforteljing, synge og be. Alle er med på sin måte. Her er det mykje glede og latter. I pausen er det frukt eller vaflar.

To gonger i året er vi med på gudsteneste, der vi deltek i prosesjon, liturgiske ledd, song og musikk. På kvart møte har vi «kveldens gjest».

Desse bilda er frå samlinga vår 16. februar 2017, der ny-presten vår, John, var gjest.



Lys-Vaken-helg for Vestnes og Tomrefjord

28.-29. januar 2017



30 ivrige deltagarar var med på overnatting i Tomrefjord Kristne Forsamlingshus. Lys-Vaken-songen med dans blei ein suksess.

Mange foreldre laga masse god pizza til svoltne magar.



Invild Hollingsæter Alvsåker og Renate Lervik Nyheim er klare for i alle fall å prøve å få litt søvn...

Dåpsfølge og Lys-Vaken-gjengen er straks klare for gudsteneste i Vestnes kyrkje.

Tårnagentdag i Fiksdal 07. februar 2017



Stor stas å få studere den gamle Bibelen



Ein veldig flink og motivert gjeng som deltok aktivt med drama, dans og song.

Nytt misjonsprosjekt i Vike sokn

Av soknerådsleiar Liv Randi Balstad

Vike sokn har i fleire år støtta Normisjon sitt misjonsarbeid, og vi har hatt prosjekt både i Aserbajdsjan og i Mali.

I november 2016 vedtok soknerådet å støtte Normisjon sitt arbeid i Nepal. Normisjon er ein viktig støttespelar for Okhaldunga sjukehus, som vert drive av United Mission to Nepal. Samfunnshelse-prosjektet er delfinansiert av Norad.

Sjukehuset i Okhaldunga ligg 8 mil frå Mount Everest, og er det einaste sjukehuset i eit område med over 250.000 menneske. Sjukehuset er under utbygging og er no godkjent for 50 sengeplassar. Det nye sjukehuset vert bygd jordskjelvssikkert og skal tote 9 på Richters skala. Sjukehuset har over 800 fødslar i året. Det er gratis tenester for barn under 12 kg. Sjukehuset har også blitt eit senter i Aust-Nepal for resistent tuberkulose.

Normisjon støttar mellom anna eit pasient-støttefond som sikrar dei fattige sin rett og mulegheit til behandling. Gjennom det kan sjukehusrekninga betalast for dei fattigaste. Målet er at alle skal få lik rett til behandling ved sjukdom og skadar, og tilstrekkeleg kunnskap om ernæring og barns helse. Dette har ført til ei radikal forbetring av helsetilstanden for kvinner og barn.

Vike sokn har forplikta seg til å støtte prosjektet med kr. 8000 pr. år. Det er mange kyrkjelydar og andre frivillige som støttar sjukehuset i Okhaldunga, m.a ved å strikke teppe og babykledde til nyfødde, som dei sender til sjukehuset.

Vi ser fram til å støtte dette viktige arbeidet i Nepal!



Ope brev

Tresfjord, 09.02.17

Ti år har gått sidan Tresfjord kyrkjestove vart innvigd etter ein lang planleggingsperiode av ivrige eldsjeler. Det vart gitt store og mindre pengegåver, og det vart lagt ned stor dugnadsinnsats. Bygdefolket støtta opp om prosjektet, slik at kyrkjelyden kunne ta i bruk ei flott storstove i 2006.

Det blir framleis gitt pengegåver til Kyrkjestova, og det er soknerådet svært takksam for. Dette er eit viktig bidrag til å sikre Kyrkjestova slik at ho kan haldast i god stand og vere eit samlingspunkt for kyrkjelyden i Tresfjord. Ei anna inntektskjelde er utleige. Huset har eit praktisk kjøkken, og det kan dekkast til ca. 120 personar. Vi ser gjerne at huset vert meir utleigd, for det kan brukast meir enn det blir gjort i dag. I tillegg til litt utleige og diverse møteverksemeld, er det Ettermiddagsskafé der 3.kvar tysdag. Kafeen er i regi av Tresfjord Røde Kors Omsorg, med soknerådet som støttespelar. Dette har blitt eit svært populært tiltak i bygda.

Dei to siste åra har dessverre rekneskapen til Kyrkjestova gått med underskot. Dei frivillige bidraga har minka, men heldigvis er renteutgiftene på låna låge, så underskotet er førebels ikkje altfor stort. Soknerådet ønskjer no å prøve å få overskot i rekneskapen for 2017. Vi vil arrangere eit



lotteri i løpet av mars. Vi håper at næringslivet kan sponse oss med gevinstar, og at bygdefolket vil vere flinke å kjøpe lodd. Loddbøkene vil bli trekte på årsfesten 31.03. I tillegg vil vi dele ut giroar, konto: 4056.58.47912, slik at dei som ønskjer det og har høve til det, kan støtte Kyrkjestova med eit valfritt beløp.

*Vennleg helsing
Turid Skorgen
leiar Tresfjord sokneråd*

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

Inger Marie Lillevik, fungerande sokneprest
Telefon: 71184234/ 98401566

E-post: inger.marie.lillevik@vestnes.kommune.no

John Sylte, sokneprest
Telefon 71184236/ 91865065

E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær: Telefon: 71184232
E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjeverje
Telefon: 71184235/ 91629416
E-post: kyrkjeverje@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon
Telefon: 71184237/ 97499175
E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Ingvild Venås Sánchez, trusopplærar
Telefon: 71184238/ 41472908
E-post: kyrkjelydspedagog@vestnes.kommune.no

Sissel Schiøtt, kantor: Telefon: 71184230/ 95270346
E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Nina Kvernmo, konfirmantlærar
Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:
www.vestnes.kyrkja.no

Bruk for meg?

Av Håvard Skrede,
soknerådsleiar i Vestnes sokn

Frivillig medarbeidarskap er ein avgjerande berebelke i kyrkjelyden sin aktivitet. Mange område som kyrkjelyden bør og skal engasjere seg i, kan ikkje ivaretakast av dei tilsette áleine.

Det er bruk for deg i Vestnes kyrkjelyd til frivillig arbeid. Du kan vere med i oppgåver du liker á gjere. I gudstenesta kan du kanskje tenke deg á vere kyrkjevert, ha med noko til kyrkjekaffien, vere med i ei forsongargruppe eller gjere andre oppgåver.

Eller du kan vere medhjelpar, vaksenkontakt i barne- og ungdomsarbeidet, for eksempel på 10+ som trusopplæraren driv.

I det diakonale arbeidet er det også bruk for deg til å vere der for nokon som treng deg, og du vil få mykje igjen for det sjølv.

Ta gjerne kontakt med soknerådsleiaren eller tilsette på Vestnes kyrkjekontor for å vere med i det frivillige arbeidet i kyrkjelyden.

Konfirmantar i Vestnes kommune våren 2017

Vestnes kyrkje 07. mai

Tomrefjord-konfirmantar

Stefan Rene Bagge

Ingrid Bårdnes

Halvard Eik Dyrkorn

Mathea Eiken Faksen

Oskar Hestenes Fauske

Anna Sofie Hanssen

Kine Hildre

Elias Aas Nilsen

Celina Pedersen

Nikoline Kleiva Skogvoll

Johan Sanden Svingeseth

Maria Vestre

Kasper Vik

Svein Erik Vik

Markus Myren

Fredrik Nakken

Adrian Skorgenes

Rikke Strandman

Hedda Sundnes

Arjan Elias Furland Sylte

Lasse Aret Venås

Amalie Frostad Vestnes

Guro Eline Volland

Natalie Lervik Øvstegård

Vestnes kyrkje 21. mai

Helland-konfirmantar

Melina Henriksen Alnes

Ruben Vullum Bolli

Richard Misfjord Buås-Hansen

Emilie Hoem Fagerheim

Ylva Malene Gimmestad

Daniel Watt Gravdehaug

Lloyd Nathaniel Skjegstad Hauglid

Daniel Piradon Honningdal

William Holm Hornberg

Maria Karlsen

Hanne Nakken Kjærstad

Solveig Vassdal Kristensen

Patrik Larsen

Rikard Lervik Nyheim

Eira Weiberg Olsen

Lilja Ingebjørg Skaftadottir

Andrea Elida Frostad Solberg

Geir Sommerset

Runar Stenødegård

Mathias Kvithaug Stokkeland

Håvard Vestnes

Marthe Karlsen Wenaas

Vestnes kyrkje 14. mai

Tresfjord-konfirmantar

Martine Aas

Benjamin Liabø Bakken

Marie Bakken

Linda Bendiksen

Malin Sofie Gjelsten Bergmyr

Nora Kristin Gjelsten Bergmyr

Carina Heggem Foldvik

Iselin Andrea Rypdal Giske
(konf i Tresfjord 14. mai)

Madeleine Strømsnes Gjærsæt

Emilie Kjørvik

Migle Kurmilaviciute

Elias Franset Mehl

Adrian Eik Moland

Viķe kyrkje 21. mai

John Villa Krogseth

Magnus Kristoffer Lindset

Andrea Ødegård Løvik

Maria Villa



Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døypte:

- 29.01 Lydia Håseth-Aas
29.01 Isak Stenødegård
29.01 Theoline Sjøholt Øverås
26.02 Olav Aaron Neraas
26.02 Magnus Amundsen Thuestad
12.03 Edvard Relling Bredeli
12.03 Aurora Eileen Vik Djupvik
26.03 Isabella Smogeli Johansen
26.03 Fredrik Danielsen Hølgenes

Døde:

- 28.10 Oddmund Uren
10.11 Grethe Larsen Nybrott
25.11 Håkon Furland
26.11 Tove Birgit Klingsaid
29.11 Helga Bø
29.12 Oddvar Einar Bjørkevoll
31.12 Aron Martin Sunde
05.01 Steinar Vike
06.01 Magnhild Bårdsnes
24.01 Rolf Mindor Fiksdal
28.01 Arne Gravdehaug
30.01 Rønnaug Alvsåker
31.01 Alvild Liv Talberg
01.02 Ruth Gunnlaug Salthammer
04.02 Jorunn Gjerde

15.02 Nancy Misfjord

- 21.02 Oddrun Løvik
10.03 Nelly Amalie Lyngvær
11.03 Petter Hals Tomren
13.03 Algot Bergum
13.03 Edith Alise Gjelstenli

Tresfjord kyrkje

Døypte:

- 26.12 Johan Berg Sellereite
22.01 Thomine Brudeseth
Sivertsen
19.02 Savannah Gresdal Solheim
19.03 Maria Olderica Dybvik

Vigde:

- 10.12 Inger Johanna Moen og
Odd Kjetil Løvik

Døde:

- 02.11 Jakob Eidhammer
07.11 Eirin Renate Øvstdal
12.11 Gerd Asbjørg Lislien
13.11 Anna Eik
16.11 Marie Øvstdal
11.11 Per Asbjørn Løvik
28.12 Olav Hamre

Vike kyrkje

Døypte:

- 05.02 Odin Dragnes

Døde:

- 26.01 Kitty Elvira Hegdal
05.03 Bergljot Kirkeslett Helde

Fiksdal kyrkje

Døypte:

- 13.11 Eilev Johan Paus
13.11 Storm Karlsnes
13.11 Kaspar Olai Havnsund
Bårdsnes
15.01 Konrad Vike Bø
15.01 Jonas Husøy Venås



Gudstener i Vestnes

(med etterhald om evt. endringar)

09. april Palmesøndag

Myra kulturhus kl. 11.00

Storfamiliegudsteneste.

Sittendansgruppa deltek.

Kyrkjekaffi. Takkoffer til diakoniarbeidet i soknet.

13. april Skjærtorsdag

Tomresetra kl. 12.00

Sportsandakt. Takkoffer til KFUK/
KFUM-speidarane.

14. april Langfredag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Langfredagsgudsteneste.

Takkoffer til Evangeliesenteret.

Tresfjord trygdeheim kl. 11.00

Nattverdsgudsteneste.

Vestnes sjukeheim kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

16. april Påskedag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Den Norske Israelsmisjon.

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

17. april 2. påskedag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til diakoniarbeidet i soknet.

Vike kyrkje kl. 18.00

Påskegudsteneste. Nattverd.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

23. april 2. s. i påsketida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Ekumenisk gudsteneste.

Talar frå Misjonsforbundet.

Takkoffer til Misjonsforbundet,

30. april 3. s. i påsketida

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Tomasmesse. Nattverd. Takkoffer til Stiftelsen Åkerlehaugen.

03. mai onsdag

Tomrefjord Kr. F. hus kl. 18.30

Ung messe, samtalegudsteneste for Tomrefjordkonfirmantane.

Takkoffer til NKSS.

05. mai Fredag

Tresfjord kyrkje kl. 18.30

Ung messe, samtalegudsteneste for Vike- og Tresfjordkonfirmantar.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

07. mai 4. s. i påsketida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste for Tomrefjord. Takkoffer til KRIK.

framhald side 20

framhald fra side 19 Gudstenester i Vestnes

14. mai 5. s. i påsketida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til Kyrkjestova.

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste for Helland
gr. 1. Takkoffer til Misjonsprosjektet i
Etiopia.

17. mai Grunnlovsdagen

Gudstenester i :
Fiksdal kyrkje kl. 10.00
Takkoffer til Molde folkehøgskole.

Tresfjord kyrkje kl. 12.00

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vike kyrkje kl. 10.00

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Vestnes kyrkje kl. 12.00

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

21. mai 6. s. i påsketida

Vike kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til utsmykking i kyrkja.

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste for Helland
gr. 2. Takkoffer til konfirmantarbeidet.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Dåpsgudsteneste.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

25. mai Kristi himmelfartsdag

Kråkneset kl 12.00
Friluftsgudsteneste. Takkoffer til Institutt
for sjelesorg.

28. mai Søndag før pinse

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd.
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

04. juni Pinsdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd.
Takkoffer til Kirkens Familievern.

05. juni 2. pinsdag

Tresfjord kyrkje kl. 18.00
Kveldssong. Takkoffer.

11. juni Treeiningssøndag

Korsstøneset kl. 12.00
Gudstenestevandring.
Takkoffer til Sjømannskirken.

18. juni 2. s. i treeiningstida

Tomresetra kl. 12.00
Skaperverkets dag. Kyrkjekaffi.
Takkoffer til Ungdom i oppdrag.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Tomasmesse. Nattverd.
Takkoffer til Misjonsprosjekt i Mali.

25. juni 3. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd.
Takkoffer til Kyrkjelydshuset.

02. juli 4. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd.
Takkoffer til Kirkens bymisjon.

09. juli 5. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd. Kyrkjekaffi.
Takkoffer til Changemaker.

16. juli Aposteldagen

Stall Kjersem kl. 16.00
Skaperverkets dag. Kyrkjekaffi.
Takkoffer til Amathea.

23. juli 7. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Songgudsteneste. Takkoffer til
Sjømannskirken.

29. juli Olsok

Tresfjord kyrkje kl. 18.00
Olsokgudsteneste i folketonedrakt.
Takkoffer til kyrkjestova.

30. juli 8. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Songgudsteneste.
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

06. august 9. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00
Songgudsteneste. Takkoffer til
utsmykking i kyrkja.

13. august 10. s. i treeiningstida

Øygardsbukta kl. 12.00
Friluftsgudsteneste.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

20. august 11. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd.
Takkoffer til Alpha Norge.

27. august 12. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste med presentasjon av
konfirmantar.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med presentasjon av
konfirmantar. Konfirmantjubileum,
50, 60 og 70 år. Takkoffer til eigen
kyrkjelyd.

03. sept. 13. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste med presentasjon av
konfirmantar. Takkoffer til Redd Barna.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med presentasjon av
konfirmantar. Takkoffer til Wycliffe.

